



Kong Harald har stått fram som skaptrønder. Etter dette er det ventet at Bergen vil erklære seg som republikk.

**Riktig beslutning  
om Sør-Afghanistan**  
DEBATT 2. DEL side 34

Vis oss den politiker som aldri har gjort ei tvilsam handling i sitt liv.

# Fri oss frå dei skinnheilage

Heidi Hjorteland  
journalist



## KOMMENTAR

**POLITIKARVANDEL:** Kven har aldri betalt svart eller kjørt for fort? Visst skal det stillast krav, og då særleg til dei som vil styra, anten det er svenske ministrar med lisensvegring, «svarte» stortingsrepresentantar eller ordførarar med stor verkefenging.

Sceneteppet gjekk i fjor opp for eit lokalt politisk drama i indre Ryfylke, då Suldal sin ordførar Andreas Drarvik (Sp) først blei mistenkt og sidan dømd for å ha skrivne stygge ord på huset til ei kvinne i Sauda. Drarvik står også fram som ein nokså ukonvensjonell hjelper. Frå før var han kjend som ein upolert men handlekraftig ordførar.

**DRARVIK HEVDAR** han er uskuldig dømd og om kort tid er han tilbake på jobb om helsa held. Skuldspørsmålet og dommen er her irrelevante, for han kan ifølgje norsk lov komma tilbake til kjede og klubbe, så lenge han ikkje har forbrote seg mot kommunen.

Kvifor vil Suldal ikkje ha han tilbake som ordførar? Kvifor blir folkevalde rundt ein uthengd politiker så febrilske?

Under Drarvik-saka har det vore politisk unntakstilstand i Suldal. Dramaet har teke stadig nye vendingar, og det er interessant å sjå korleis alle stiller seg opp på scena for å passa sine roller.

Det handlar om den utstøytte og mengda. Det handlar om dømmesjuka og dobbeltmoral. Det er slikt større historier enn denne er vovne av.

**POLITIKARAR FLEST** blir krampeaktig prektige når slike ketsjupflasker sprekk i fanga deira. Det gjeld å vaske fingrane fortast råd. Dette prektige står i stor kontrast til skattesnyteri og annan utruskap som dagleg skjer i alle lag av samfunnet. Mange trør klampen i botn, utan tanke for framtidige ambisjonar. I USA sa George Clooney nettopp at han ikkje kunne stilla til val som president fordi han hadde hatt for mykje sex med for mange damer.

Han visste han ikkje ville tåla media sitt søkelys. Ingen politikarspirer, eller andre for den del, vil komma englekvide frå det, om media eller politiet får gå oss nøye etter i saumane.

**DET INTERESSANTE** er å sjå kva dom-



**OMSTRIDD:** Den sjikanedømde ordføraren Andreas Drarvik er blitt ei heit potet i Suldal. Her er han sett gjennom kunstnar Reinhardt Søbye sitt blikk.

## Drarvik-prosessen har sett ein feit finger på veikskapane i bygdesamfunnet.

mar me feller over kvarandre og kva dommar som blir felte av dei som ser oss utanfrå.

Drarvik-prosessen har i så måte vore nyttig og sett ein feit finger på veikskapane i bygdesamfunnet.

Me har blitt utfordra og stilte til veggs. Det har blitt fomla og mumla blant kommunetoppene og over kafikoppene.

Er me tente med å ha ein dømd ordførar som vår fremste talsmann, eller kunne me vore verre farne?

Utanfrå blir det skapt eit bilete av eit samfunn som vrir seg i vande, men det er nok overdrive, for her som andre stader har mange meir enn nok med å halda sine egne svin under oppsikt.

Det blir snakka mann og mann i mellom, men få mæler imot, mens ein innbillar seg at latterbølgene rullar bakom fjella ein stad.

Somme politikarar er elefantar, andre er taktikarar som greier skjula syndene sine på sluaste vis. Er dei så mykje betre skikka til å leia oss?

**KVIFOR KAN IKKJE** Suldal ha ein sjikanedømd ordførar når Os også har ein ordførar utan blendakvitt rulleblad, kan ein spørja. Og skulle ein ikkje vilja ha det, så bør ein kunna gi gode svar på kvifor.

Det er nok kommunens rykte og ikkje så mykje den fornærma saudakvinnna dei folkevalde har i tankane når dei ikkje ønskjer at Drarvik skal

føra ordet for Suldal framover. Professor Frank Aarebrot sa til Suldalsposten nyleg: «For kven er det belastande at Drarvik kjem tilbake? Mest for bygdedyret, mistenkjer eg».

«Suldal ønskjer naturlegvis å framstå som perfekt.» sa ein politiker til undertekna. Perfekt? Kven kan reklamera med ein perfekt kommune? Ordet perfekt er umogleg å bruka. Det er både latterleg og lyser i tillegg av kulde. Ingen oppegående menneske trur på det perfekte. Kven retter opp handa og melder seg som den perfekte ordførar?

Ingen hender å sjå.

**I STADEN** for det perfekte, treng me alle hekser å jakta i våre elles så stilstande og makelege liv.

Det er ei halsbrekkande øving å forsvara ein utstøytt. Suldal sin omstridde huskunstnar, Reinhardt Søbye, påtok seg oppgåva. Han laga ein portrettserie av Drarvik, for å menneskeleggjera den utstøytte. Det kan ein meina kva ein vil om. Heile poenget er at kunst kan vera med og lufta ut. For suldølen og andre bygdefolk har godt av å bli så provoserte at dei i offentleg rom vågar å stå fram og seia det dei meiner. Elles kokar alt ned til baksnakking på verste bygdemanér, for me har ikkje tradisjon for dei store felles ordskifta her inne.

**SØBYE STILLER SEG** attmed mennes-

ket Drarvik fordi han ikkje likar: «de opportunistiske kappevenderne, de etiske prostituerte, de taktiske og lure, de som ikke har annet verdssystem enn det som til enhver tid gir størst personlig fortjeneste (...) de som med glatt toastmasterstemme snakker om viktigheten av etiske standarder. Disse – mange – er det umulig å portrettere – fordi de er ikke et menneske, men en tilstand. Andreas Drarvik er et menneske. Det vil bli et bedre samfunn å leve i dersom de beregnende, slu, servile, taktiske selvusynliggjorte maktutøverne blir erstattet av de tydelige selvutleverte».

**HAN LIKNAR DRARVIK** med ein sebra som alle ler av. Og VG lo høgast då sjikanebomba sprang. Søbye meiner Drarvik har sona lenge nok no.

I dagens mediesamfunn er omtale det viktigaste. Kva ein er kjent for er mindre vesentleg. Poenget er å vekka interesse, og det har hendingane i indre Ryfylke gjort. Men dei folkevalde bør vita at storsamfunnet nok veit å skilja mellom den utstøytte og resten av flokken. Hytter vil skyta i været som om ingenting var hendt.

Elles har langt meir kjende menneske enn Drarvik fått visa at dei duger i jobben etter å ha trødd skeivt i privatlivet. Uansett kva ein meiner om Drarvik sitt planlagde comeback, så vil tida gå og alt bli gløymt. Og indre Ryfylke blir igjen ein fredelig stad på jorda.

heidi.hjorteland@aftenbladet.no



Stavanger Aftenblad arbeider etter Vær Varsomplakatens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale, oppfordres til å ta kontakt med redaksjonen.

**Pressens faglige utvalg (PFU)** er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Adresse: Rådhusgt. 17,  
Postboks 46, Sentrum 0101 Oslo.  
Telefon 22 40 50 40.  
Telefaks 22 40 50 55.  
E-post: pfu@presse.no.

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv, eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.